



# NÅR NOKON DØYR

**Ei rettleiing og hjelp  
ved dødsfall**

Ulvik og Eidfjord kyrkjer



# Når nokon døyr

Det er vondt å miste nokon ein er glad i. Når nokon døyr er det mange tankar og følelsar som veller opp. Midt i dette er det mykje som må ordnast på kort tid, og ein god del avgjersler som må tas. Her vil du kunne finna litt hjelp til det som dreiar seg om gravferda.

I Ulvik og Eidfjord er gravplassforvaltninga tillagt kyrkjekontoret. Gravplassforvaltninga tilviser grav, har ansvar for gravplassane i kommunen og betjener alle innbyggjarane uavhengig av trus- eller livssyn.

Om ein ynskjer ein kyrkjeleg gravferdseremoni planlegg ein dette i samarbeid med presten. Viss ikkje så forhold ein seg kun til gravferdsforvaltninga og eventuelt eige trus- og livssynssamfunn.

- Gravplassforvaltninga organiserer det praktiske rundt gravferda
- Gravferdsbyrå kan hjelpe til med planlegging og organisering av gravferd.
- Kyrkja organiserer kyrkjeleg seremoni
- Er det ønskje om ein livssynsnøytral seremoni ta kontakt med kommunen.

Mai 2025

Med venleg helsing  
Ulvik og Eidfjord kyrkjer

## Praktisk rettleiing

Ein sorgsituasjon kjem ofte uventa. Midt i sorga skal gravferd og mange praktiske spørsmål avklarast og tilretteleggjast. Smerte og sagn etter den som er borte, blir ofte blanda med takksemd og ynskje om å få ære den døde med ei verdig gravferd.

Etter dødsfallet må ein ta kontakt med kyrkjekontoret eller eit gravferdsbyrå for å få fastsett tidspunktet for gravferda eller bisetjinga. Ein kan sjølv velja kva gravferdsbyrå ein ynskjar å nytta. Næraste gravferdsbyrå ligg på Voss eller i Odda. Kostnaden til gravferdsbyrået er avhengig av kor mange tenester dei utfører.

Byrået kan formidle kontakt med involverte partar og kan hjelpe til med dei fleste praktiske oppgåver i forkant av sjølve gravferda. Dei kan også leigast inn til å bistå på gravferdsdagen om familien ønskjer dette. Det er likevel ingen ting i vegen for at ein kan ta hand om desse oppgåvene sjølv. Kyrkjekontoret kan hjelpe til.

Hugs at ved gravlegging på Rossvoll gravplass i Ulvik må kista i bil for å bli frakta fra kyrkja.

Me anbefaler at pårørande tar seg litt tid til å kjenne på, og snakke om kva av førebuingane ein ynskjer å gjere sjølv.





## **Dette må ordnast i samband med dødsfall**

Ein lege må bekrefte dødsfallet.

### **Ein person skal ha ansvar for gravferda**

I samsvar med gravferdslova er det ein person som skal sørge for gravferda. Familien/pårørande må bli samde om kven som skal vere ansvarleg.

### **Ved val av kremasjon**

Ved kremasjon kan ein velja å ha seremoni i kyrkja før båra blir transportert til krematoriet, eller ein kan ha seremoni når urna er kome tilbake. Ein kan også velja å setja urna ned utan ein seremoni på førehand.

Pårørande må sjølve betala kremasjonsavgifta.

Urna blir teken vare på i krematoriet eller i den kommunen der urna seinare skal setjast ned. Gravferdsforvaltninga melder fra til pårørande når urna er kome, og avtalar tidspunkt for urnenedsetjing. Ofte er familien med når urna vert sett ned i grava. Er det ynskjeleg kan ein be presten om å ta del i ein enkel seremoni. Ønskjer familien ikkje å vere med kan det óg avtalast at kyrkjetenaren set ned urna i den grava familien ynskjer.

Ved ønske om **oskespreiing** må ein søkje [Statsforvaltaren i Vestland](#).

**NAV** får melding om dødsfallet frå Hordaland tingrett, men de må sjølve ta kontakt med NAV dersom de skal søkja om gravferdsstønad. Søknadskjema finn de også på [www.nav.no](http://www.nav.no). Ev søknad om gravferdsstønad må sendast innan 6 månadar. For personar under 18 år vert ein stor del av utgiftene dekkja, medan for vaksne er stønaden behovsprøvd. Båretransport over lengre avstandar gir rett til stønad.



# Praktiske gjeremål

## Stell av den døde

Det er vanleg at institusjon eller gravferdsbyrå tar seg av stellet. Pårørande som ønskjer det, kan få hjelp til å gjere deler av dette sjølv.

## Transport til bærerom

Den som dekker utgiftene til gravferda kan søkja om støtte til bæretransport. Reglane for dette finn du på [www.nav.no](http://www.nav.no)



## Syning og bæreandakt

**I Ulvik** er det ikkje bærerom ved kyrkja. For avtale om syning kan Ulvik omsorgstun eller gravferdsbyrå kontaktast. Presten kan ta del om ønskjeleg.

**I Eidfjord** kan syning avtalast med gravferdsbyrå eller kyrkjekontoret. Syninga kan vere i bærerommet eller i kyrkja. Presten kan ta del, men dei pårørande kan også låne nøkkel og ha syning på eiga hand. Bæreandakt kan ein ha i kyrkja (t.d. i tilknytning til syning), på institusjon eller i heimen.

## Dødsannonse

Gravferdsbyrå kan hjelpe med dette, eller ein kan lage ho sjølv.

## **Trykking av salmar**

Salmehefte kan de få trykt hjå gravferdsbyrå eller trykkeri, eller ein kan lage og kopiere sjølve. Salmebok kan nyttast. Det er fint om nokon i familien, til dømes nokre av borna, deler ut salmehefter ved inngangen før gravferda.



## **Pynting av kyrkja og berarar**

**Ulvik** Pårørande kan pynta i kyrkja sjølve, eller få hjelp av blomaforretning eller gravferdsbyrå. Pyntinga startar til vanleg ca. 1,5 timar før gravferda tek til. Pårørande vel kven som skal dela ut blomar og kransar før me går ut av kyrkja. Det må også veljast 6 personar til å bera kista.



**Eidfjord** Pårørande kan pynta i kyrkja sjølve, eller få hjelp av blomeforretning eller gravferdsbyrå. Kyrkjetenar kan også hjelpe til. Pyntinga startar til vanleg ca. 2 timar før gravferda tek til. Kyrkja har ljós og vasar. Dei pårørande vel ein som tenner bålreljosa og nokre som kan dela ut blomar og kransar før me går ut av kyrkja. Det må også veljast 6 personar til å bera kista.

### **Ute ved grava**

Etter jordpåkastinga ute ved grava vert det senking av kista. (Ved særlege høve kan presten avgjera at jordpåkastinga kan vere inne i kyrkja.) To av bærarane tek bort plankane kista står på, og dei fire andre bærarane senker kista ved hjelp av tau. I Ulvik blir det brukt senkeapparat.



### **Minnesamvær**

Etter ei gravferd kan det gjera godt å samlast dersom ein ønskjer det. Minnesamværet kan vera berre for dei næraste, eller vera ope for alle. (I Eidfjord kan kyrkjelydssalen nyttast om ønskjeleg.)

### **Gravminnet**

**Ulvik** Gravminnet kan ikkje setjast opp før det har gått 12 månadar. Inntil gravminnet er på plass set kyrkjetenaren ut eit kors med namnet på den døde.

**Eidfjord** Ved kistegrav kan gravminnet ikkje setjast opp før det har gått 6 månadar. Ved urnenedsetjing kan gravminnet setjast opp umiddelbart. Inntil gravminnet er på plass set kyrkjetenaren ut eit kors med namnet på den døde.

## Salmeforslag

Her følgjer eit utval salmar frå salmeboka. Vel gjerne salmar de kjenner eller er glad i. Salmane kan seie noko om livet, dei treng ikkje handla om døden. I ei vanleg gravferd er det tre salmar og bårevers inne. I tillegg ein salme som vert sunge før og etter jordpåkastinga.

Til inngang og utgang speler organisten. Om de vil kan de sjølve velge kva songar det skal vere. Dette treng ikkje vere salmar.

Alltid freidig når du går	415
Blott en dag, ett øgonblick	489
Deg være ære	197
Deg å få skode er sæla å nå	482
Deilig er jorden	48
Djupe, stille, sterke, milde	570
Eg er ein gjest i verda	889
Eg veit i himmerik ei borg	882
Ein fin liten blome i skogen eg ser	492
Fager kveldsol smiler	817
Herre, eg inderleg ynskjer	665
Ingen er så trygg på ferda	488
Jeg er i Herrens hender	494
Kjærlichkeit er lysets kilde	233
Lei, milde ljøs	858
Ljos over grav	198
Med Jesus vil eg fara	419
Milde Jesus, dine hender	582
Navnet Jesus blekner aldri	86
Ned i vester soli glader	823
No soli bakom blåe fjell	821
Nærmere deg, min Gud	471
Se, solens skjønne lys og prakt	812
Så tak då mine hender	414
Vår Gud han er så fast ei borg	108
Å, tenk når ein gong samlast skal	684
Å, ver hjå meg	818

**Organisten** må kontaktast så tidleg som råd dersom ein ynskjer preludering (speling rett før gravferda) eller har særskilde ynskje om musikk som skal framførast i gravferda.



# Telefonliste

## **Eidfjord kyrkjekontor**

[post@eidfjordkyrkje.no](mailto:post@eidfjordkyrkje.no)

Eidfjord kyrkjekontor

536 65 251

Prest, Signe Elisabeth Kvåle

917 91 233

Kyrkjeverje Irene Viveli

957 43 797

Organist Kris Ulita

462 61 473

Kyrkjetenar Christian Bouvain

536 65 251

## **Ulvik kyrkjekontor**

[wm953@kyrkja.no](mailto:wm953@kyrkja.no)

Ulvik kyrkjekontor

565 26 800

Prest, Anne Marthe Ulvik

924 35 096

Kyrkjeverje Willemina van Manen

958 04 217

Organist Edyta Bryk

954 30 695

## **Legeteneste**

Eidfjord legekontor

536 73 550

Ulvik legekontor

565 27 040

Legevakt utanom kontortid

116 117

Krisetelefon, Kirkens SOS (døgnope)

815 33 300

## **Eidfjord kommune**

536 73 500

## **Ulvik kommune**

565 27 000

## **NAV**

555 53 333

## **Hordaland tingrett**

556 99 700

## **Dersom du ønskjer dødsannonse**

Hardanger Folkeblad

536 50 600

Avisa Hordaland

565 30 300

## **Gravferdsbyrå / blommar**

Digranes begravelsesbyrå

536 42 150

Vinsands gravferdsbyrå AS

565 11 194

Kinsarvik blommar

536 66 064

*Desse firmaene er nemnt fordi dei er i nærleiken av Eidfjord og Ulvik. De står sjølv sagt fritt til å velge andre dersom de ønsker det. På Voss er det også fleire blomebutikkar som kan levere.*

*Det å sakna er den  
andre sida av å ha fått*



## **Eidfjord kyrkje**

Lægreidsvegen 24

5783 EIDFJORD

Tlf: 53 66 52 51

E-post: [post@eidfjordkyrkje.no](mailto:post@eidfjordkyrkje.no)

## **Ulvik kyrkje**

Storøyni 6

5730 ULVIK

Tlf: 958 04 217

E-post: [wm953@kyrkja.no](mailto:wm953@kyrkja.no)

**Informasjon om kyrkjene og kyrkjegardane**

**finn du også på**

**[www.eidfjordkyrkje.no](http://www.eidfjordkyrkje.no)**

**og**

**[www.kirken.no/ulvik](http://www.kirken.no/ulvik)**